

Aktivitetsplan for Tornerose Rabben barnehage 2023-2024



Velkomen til eit nytt barnehageår!

Barnegruppa på Tornerose:

I år er det 6 nye barn på Tornerose. Barnegruppa tel 24 barn, og det er 13 gutar og og 11 jenter. Barnegruppa er delt i tre grupper, Mus (fødd -20), Hare (fødd -19) og 6årsklubb (fødd -18). Barna er delt i grupper 3 dagar. Når barna vert delt i mindre grupper, får barna opplegg tilpassa alder og modning. Det vert også frigjort større plass til leik og aktivitet på avdelinga.

Dagsrytme:

06.45	Barnehagen opnar
08.00-8.30	Frukost
09.00-10.30	Morgonsamling, Aktivitet og leik i grupper
10.30	Samlingsstund/handvask
11.00-11.30	Lunsj
11.30-14.00	Leik ute
14.15/14.30	Fruktstund
14.45-16.00	Leik inne/ute. Barnehagen stenger 16.00.

Vekerytme på Tornerose: det kan bli avvik frå denne på dagar med færre personal og i feriar.

Mandag	Tysdag:	Onsdag	Torsdag	Fredag
Me er i gymsalen på OVGS, rullerer på 3 veker. Dersom gruppa ikkje er i gymsalen, har me språkstimulerande aktivitetar	Gruppedag med Askeladden. Me er enten inne med gruppa på Askeladden eller på tur.	I oddetalsveker har mus og hare formingsaktivitet. i partalsveker er dei på tur. 6årsklubb er på tur i oddetalsveker, og har formingsaktivitet i partalsveker	Smøremat Me vil dele oss lesegrupper denne dagen, eller ha fokus på felles leseaktivitet	Me har felles turdag for heile avdelinga, og vil nytte nærområdet vårt. Nokre gongar vil me dele oss.
6årsklubb:	6årsklubb: I oddetalsveker er 6årsklubben inne med skuleførebuande aktivitetar	6årsklubb: Formingsaktivitet	6årsklubb -	6årsklubb: Tur
Hare:	Hare:	Hare:	Hare:	Hare:Tur
Mus:	Mus:	Mus:	Mus:	Mus:Tur

På 2vekersplanen finn de meir informasjon om aktivitetar og innhald for dei vekene planen gjeld. Det vil også kome anna informasjon på planene. 2vekersplanen vert hengt opp på tavla i gangen og det vil få denne på Visma. Dersom nokon ønsker å ha denne i papirform, er dette mogleg.

Faste aktivitetar:

Morgonsamling: Me vil ei lita ha samlingsstund ca. 9.00 kvar dag i med gjennomgang av dagstavle, songar, rim og regler.

På torsdagar har me lesegrupper. Dette er faste grupper som det vil rullere kven vaksne som les for dei ulike gruppene. Det er 4 grupper med 6 barn på hver gruppe. Vi er bevisst på bøkene innhald og budskap. Barna skal møte ulike bøker med ulike tema. Vi har fokus på bøker som er tilpasset barnas alder og modning. Bøkene har innhald som kan bidra til refleksjon og samtaler i etterkant, eksempler på temaer kan være: følelser, tanker, sosial kompetanse, ulike familiesituasjoner.

Tur: Gruppene har faste turdagar(sjå vekerytme). Me nyttar nærområde på Eide som utgangspunkt for tur;Hovden, Mannsåker, Jordal, Eidesåsen. Odda sentrum er også blitt nytta som turområde.

Det er turen, opplevingane og erfaringane som er målet med turen, ikkje kor lang turen er.

6årsklubb: Dei eldste barna i gruppa har eit eige opplegg knytt til bokstavar og tal. Gjennom planen for overgang barnehage-skule, står det noko om kva ein ønsker barna skal ha fått kjennskap til før skulestart. Gjennom arbeid med med ABC bøkene til Go boken og bokserien om Tellefanten, ønsker me at barna skal få oppleve undring i forhold til bokstavar og tal. Me går også på besøk til skulen og SFO.

Det vert også lagt vekt på gruppekjenne, felles erfaringar og opplevingar. Vi har fokus på sosial kompetanse i 6 årsklubben, og bruker mykje av tida til å leike saman.

Som ein avslutning på våren, har 6årsklubben ei veke med ei rekke kjekke aktivitetar som ein ikkje gjer til vanleg.

Gruppedag med Askeladden: På tysdagane har me gruppedag med Askeladden. Då er gruppene ilag med sine grupper på Askeladden. Ei veke er dei på tur ilag, andre veka er dei på avdelingane og har ulike aktivitetar og leik. 6årsklubben er på tur ilag den eine veka, den andre veka er dei kvar for seg og har skuleførebuande aktivitetar

Pedagogisk opplegg:

Rammene for det pedagogiske opplegget er Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagen, årsplan for Rabben barnehage, Lese-for livet-planen og Overgang barnehage-skule.

Rabben barnehage sine satsingsområder er:

- ★ Være Sammen - sosial kompetanse
- ★ Språkutvikling
- ★ Realfag

Sosial kompetanse:

Sosial kompetanse innebærer at barna får erfaring og læring med:

- Samarbeid
- Ansvar
- Empati
- Normer
- Sjølhevding
- Humor

Sosial kompetanse handlar om kunnskaper, ferdigheter, haldningar og motivasjon ein trenger for å samhandle med andre mennesker. Det handlar også om korleis me er med andre mennesker – med respekt uavhengig av rase, kjønn og posisjon. Arbeidet med å utvikle desse ferdighetene krever eit målretta og langsiktig arbeid frå dei vaksne si side, slik at barnegruppa fungerer positivt for alle.

Barna må lære seg å ta ansvar for eigne handlingar, men det krever vaksne som er tilstades og lærer barna dette undervegs. Vaksne må i samspel med barna vise at me har eit positivt menneskesyn, og alle barn skal ha mulighet til å oppleve seg sjølv som ein positiv del av eit sosialt fellesskap. Barna skal også ha kjensle av å bli satt pris på og respektert.

Leik:

Leik er kultur - barna sin eigen kultur- ein måte å utrykke seg på, eit språk og ein lystbetont måte å vere saman på.

Leik er barna sin aller viktigaste aktivitet:

- ★ leik er magi i kvardagen
- ★ leik er viktig og stort
- ★ leik er ein indrestyrt aktivitet som kjem frå barnet sjølv
- ★ berre den som leiker veit om det er leik
- ★ leik er på liksom og har ein eigenverdi og gir glede
- ★ barn leiker for å vere barn

Me set av mykje tid til leik og stimulere til leik på Tornerose. Personalet skal være tilstades i leiken, gje leiken tid og rom, legge til rette for leiken og verdsette leiken som den viktigaste læringsarenaen for barn.

Språkgrupper:

Språkstimulering er eit viktig satsingsområde for barnehagen, og barna sitt språk må stimuleres for å bli utvikla. Barnehagealderen er den viktigaste utviklingsperioden for barna sin tilegnelse av språket, og det er difor viktig at barnehagen har eit godt språkstimulerande miljø. Språket er viktig for læring, sosial kompetanse og venskap.

Språkgruppene vil innehalde aktivitetar som skal vere spennande, lærerike og utviklande for barna, og ein tar utgangspunkt i Tras når ein planlegg desse.

Andre språkstimulerande aktivitetar på Tornerose: lesebok på avdelinga, fortellingar/lydbok under fruktstund, spele spel, songstund, lesegrupper.

Realfag:

Realfag i barnehagen

Barnehageloven seier: «*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter.*» (Barnehageloven § 1, annet ledd)

På avdelinga vil vi arbeide med dette i år:

- ★ gjennom samtale, undring om ulike tema som oppstår i spontane situasjonar
- ★ Planlagde og spontane samlingar knytt til temaet
- ★ Ha fokus på sortering i kvardagen, matavfall, papir, plast og restavfall.

Tema for året 2023-2024:

I år vil me arbeide med temaet “Årstidene”. Rammeplan for barnehagen seier at barnehagen skal bidra til at barna vert glade i naturen og får erfaringar som fremjar evnen til å orientere seg og opphalde seg i naturen til ulike årstider.

At barna får positive opplevingar og erfaringar i naturen, vil vere viktig for å forstå og ønske å ta vare på omgjevnadene våre. Bærekraftig utvikling omfattar natur, økonomi, sosiale forhold og er ein forutsetnad for å ta vare på livet på jorda, slik me kjenner det (Rpl 17, s.10). Gjennom å oppleve naturen som arena for lek, læring og opplevingar, vil ein kunne utvikle barna sin vilje til å verne om naturressursane.

Barna skal få opplevingar og erfaringar i nærmiljøet vårt, først og fremst Hovden, men også Jordal, Rødnaskogen, Basen i Eidesåsen, Mannsåker.

Barna skal få gjere seg erfaringar med estetiske uttrykk med naturmateriale.

Barna skal få kunnskap om dyr og dyreliv i turområdene våre.

Barna skal få møte dagstavle, med dag, dato, månad og vær.

E d greitt?

Ullensvang kommune har i samarbeid med Kvinnherad startet kompetanseløftet “*E d greitt?*” Målet med dette kompetanseløftet er å sikre at alle barn og unge får kunnskap om vold og seksuelle overgrep, øke kompetansen til de ansatte som jobber med barn og unge og ha gode hjelpetiltak der det er mistanke om vold og seksuelle overgrep. En overgripers største mareritt er opplyste barn som vet hva som er lov og ikke. Vi må derfor lære barn om kropp, grenser, vold og overgrep.

Etter nyttår vil Tornerose arbeide med dette temaet, og foreldre vil få meir informasjon om dette.

Barn sin medverknad:

Barn skal jamnleg få moglegheit til aktiv deltaking og vurdering av barnehagen sin verksemd. «Det at barna får påvirke det indre liv i barnehagen kan være det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i et demokratisk samfunn»

Me vil jobbe med barn sin medverknad gjennom å ha aktive og deltakande vaksne som er tilstades og lyttar til barna. Gjennom relasjonsskapande vaksne som har respekt og viser omsorg for barna og deira interesser, samt å gje dei moglegheiten til å sjølv finne svar, aukar barna sin moglegheit for medverknad.

Samarbeid heim/barnehage:

Me ønsker å ha eit godt samarbeid og god kontakt med foreldrene, og det er viktig å ha ein god dialog med utveksling av informasjon i det daglige samarbeidet. Foreldrene vil få tilbud om 2-3 foreldresamtalar i løpet av året og ellers ved behov.

Me vil ha 1-2 foreldremøter.

«Et godt og tillitsfullt samarbeid mellom heim og barnehage er viktig for det enkelte barnets trivsel»

Diverse informasjon:

Digitalt verktøy: barna skal få kjennskap til digitale verktøy som iPad.

Bursdagfeiring: bursdagsbarnet får ha si eige samlingsstund, der barnet vel sangar(etter antal år det blir) og eventyr.

Barnet får bursdagskrone, me henger opp flagg ute og har bilde av barnet på bursdagsplakaten og synger bursdagssong.

Samarbeid på tvers:

Når Tornerose har avdelingsmøter, er det Askeladden som passar på våre barn og motsatt.

Jul i barnehagen:

Det vil bli utdelt eigen plan for desember. Tøfflus vil kome på besøk til Tornerose i år også.

Så håper me på eit spanande år med eit godt samarbeid til barna sitt beste ☺

Britt-Janne Meland
Pedagogisk leiar